



Norges  
vassdrags- og  
energidirektorat

Holsen Kraftverk Norddøla AS  
v/ Egil Vallestad  
6819 Holsen

Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95  
Telefaks: 22 95 90 00  
E-post: nve@nve.no  
Internett: www.nve.no

Vår dato: **09 SEPT 2009**

Vår ref.: NVE 200703280-25 ki/oegr

Arkiv: 312/084.CZ

Dykkar dato: 15.06.2007.

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Katarina Eftevand  
57 83 36 74

Org.nr.:  
NO 970 205 039 MVA  
Bankkonto:  
7694 05 08971

## Holsen Kraftverk Norddøla AS – Søknad om løyve til bygging av Holsen kraftverk i Norddøla, Førde kommune i Sogn og Fjordane fylke – oversending av NVE sitt vedtak

Vi viser til Dykkar søknad datert 15.06.2007.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til bygging og drift av Holsen kraftverk med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagte KI-notat nr 71/2009 — Bakgrunn for vedtak. Vi viser til merknadene til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld bygging av Holsen kraftverk og tilhøvet dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

NVE sine sakshandsamarar nå det gjelder godkjenning av detaljplanar for miljø og sikkerheit er Ivar Sægrov i seksjon for miljøtilsyn og Ove Møll i seksjon for damsikkerheit. Vi viser elles til NVE sin rettleier 1/2008 "Veileder for planlegging, bygging og drift av små vassdragsanlegg med konsesjon" som finst på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi minner om at det ikkje må setjast i gong noko anleggsarbeid før planane for arbeida er godkjende av NVE. Vi minner om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.


NVE minner om at nettilknytninga må vere avklart før detaljplanar kan sendes til NVE, slik som omtala under "Forholdet til energiloven" i vedlagte KI-notat nr. 71/2009 – Bakgrunn for vedtak og i merknadene til vilkåra sine post 4 i same notat.


Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kommer fram til partane, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting av vasskraftverk fyllast ut og sendast til NVE. Skjemaet er tilgjengelig på NVE sine internettsider.

NVE gjør merksam på at den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein måned i føreveg skal registrere verksemda i det toll-distriktet der verksemda har sin forretningsstad i samsvar med reglar frå Toll- og avgiftsdirektoratet. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har ein merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg er avgiftspliktig. Meir informasjon finst på [www.toll.no](http://www.toll.no). Eller ein kan vende seg til næraste tollstad.

Med helsing

  
Øystein Grundt  
seksjonssjef

  
for Katarina Eftevand  
overingeniør

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for Holsen kraftverk  
KI-notat 71/2009 - Bakgrunn for vedtak

Kopi m/vedlegg: Førde kommune, Postboks 338, 6801 Førde

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger

Sunnfjord Energi AS, Firdavegen 5, Postboks 123, 6800 Førde

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Jon Farestveit, Åbergsvegen 20, 6865 Sogndal

Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6800 Førde

Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger

Internt: EN/HSF